

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 16. januar 2014, kl.14.00
Møtestad: 4. etasje i Skeidarbygget i Breivika

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth, Ole Bjørn Roald og Anita Søvik

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen, revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei og
revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll.

Frå Sykkylven kommune møtte ordførar Petter Lyshol.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 01/14

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 18. DESEMBER 2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 18. desember 2013 blir godkjent.

SAK 02/14

**UGYLDIGE AVTALAR OG ERSTATNING FRÅ NORDEA BANK NORGE ASA –
RÅDMANNENS HABILITET**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 10.01.2014

Spørsmål om å lukke møtet i denne saka vart reist. Problemstillinga vart drøfta og det vart ikkje fremma forslag om å lukke møtet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Saka blir oversendt kommunestyret for ei nærare vurdering av rådmannen sin habilitet og vidare behandling samt mulig oppnemning av setterrådmann.

2. Kontrollutvalet legg til grunn at det blir arbeidd vidare med avklaring av kommunens rettslege stilling overfor Nordea.

SAK 03/14

UNDERSKOTSSITUASJONEN I FORPLIKTANDE PLAN OG TERTIALRAPPORT NR. 2 2013

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 16.01.2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek brev nr. 1/2014 frå kommunerevisjonen til orientering og oversender dokumenta i saka til kommunestyret.

SAK 04/14

BRUK AV ANBODSPRINSIPPET I SYKKYLVEN KOMMUNE - DRØFTINGSSAK

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å kome tilbake til i neste møte.

SAK 05/14

AVVISOPPSLAG OM LEGESENTERET (Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kommunerevisjonen tek kontakt med med fylkesmannen for avklaring av innhaldet i planlagt tilsyn frå fylkesmannen.

SAK 06/14

VEDKOMANDE TILSKOT TIL BETRE SPRÅKFORSTÅING FOR MINORITETSSPRÅKLEGE BARN I FØRSKULEALDER (Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir undersøkt nærare til neste møte.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

Sigmund Valbø
nestleiar
(sign.)

Grethe Melseth
medlem
(sign.)

Ole Bjørn Roald
medlem
(sign.)

Anita Søvik
medlem
(sign.)